



Kviteseid misjonskyrkje

MISJONSKIRKEN NORGE

Til stades:

Oddvar Hægeland (2017-2018)
Sigrun Lønning Solvang (2017-2018)
Øystein Kvamme (2018-2019)
Sigrid T. Lofstad (2018-2019)
Tone Fosse (2. vara 2017-2018)

Kviteseid 21. mars 2018

Referat frå styremøte onsdag 21. mars 2018 kl. 1800

Opning ved Oddvar (refleksjonar over 1. Kong. 19, 11-13).

Sak 6/18: Godkjenning av referat frå styremøte 24. januar 2018

Vi gikk gjennom referatet og sakene der. Det blei godkjent. Øystein skal arbeide vidare med sal av brakka på Passpå og installering av teleslynge. VIPPS er på plass, men Oddvar tar kontakt med Magnus for å få ordna med infomateriell. Oddvar følgjer opp annonsemalen med VTB og MKN sentralt. Hugs å setje opp møtelisten på stativet. Sigrun snakkar med Grutle i forhold til å konkretisere driften av FB.

Sak 7/18: Protokoll frå årsmøtet og oppfølging av saker

Referatet blei lese opp og godkjent.

Styret drøfta kva ein kan gjere for å få meir fokus på Jakobs Hus i møta våre. Tone tar litt ekstra ansvar for å få tak i oppdatert informasjon. Det er likevel møteleiarane som må passe på at det er fokus i kvart møte.

Sigrun lagar ei undersøking som blir gjennomført ei gong etter påske i forhold til å lodde interessa for å starte opp smågrupper og/eller anna arbeid.

Sak 8/18: Rolleavklaring etter årsmøtet

Ane var ikkje til stades slik at vi ikkje fikk gjort full avklaring. Sigrid står framleis som kontaktperson med ansvar for diverse registreringar. Oddvar held fram som (første)sekretær. Sigrun er NMU-kontakt. Sigrid sit i fellesmøtekomitéen fram til sommaren. Ho held også fram i diakoniutvalet.

Sak 9/18: Kort evaluering av fellesmøta

Veldig få frå Betel var på møta! Vi må kanskje synleggjere det meir i eigne møte og på andre måter. Fine møte der vi alle er saman. Spørsmålet er om vi når nye? Er

det berre til innvortes bruk? Det er noko som ein kan diskutere i fellesmøtekomitéen.

Sak 10/18: Evt. tilsetting av barne- og ungdomsarbeider

Under denne saka erklærte Oddvar seg ugild, men var til stades for å lage referat. Framgangsmåte: Styret må sende ein formell førespurnad til Åsbjørg om ho vil ta stillinga med frist om svar. Sigrun gjer dette.

Vi må ha hjelp av menighetsrådgiveren for å lage stillingsinstruks og arbeidskontrakt med vilkåra samt å få på plass det arbeidsrettslege. Sigrun tar kontakt med Kjell Birkeland så snart som mogleg.

Den som skal drive TenTro må på kurs. I år er det 21. april i Oslo.

Sigrid blir ein kontaktperson for den som er i stillinga.

Det må annonseres at det blir TenTro-opplegg her neste skuleår.

Sak 11/18: Eventuelt

Sigrid las årsrapport og rekneskap frå Fredagsklubben.

Godhetsveka: Sigrid orienterte. Går frå 3-9. mai. Vi må informere på påskefrukosten og sundagstreffet 8/4. Det blir felles gudsteneste torsdag 10/5 (Kristi himmelfartsdag).

Møte 8/4. Ikkje ekstern talar, men nattverd. Må ha hjelp til å forrette. Sigrun blir med

Det kom innspel om at vi kanskje har hatt litt få møte i vår. Tar vi for mykje omsyn?

Neste styremøte er 30. mai.

Oddvar Hægeland, sekretær